



Statens vegvesen

Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Terje Seim

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/17346-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.02.2016

Svar – Søknad om dispensasjon frå byggegrense – Slamavskiller – Fv. 401 – gnr. 175 bnr. 2 – Lindås kommune

Vi viser til søknad mottatt 2. februar 2016 og gjev med dette dispensasjon frå byggegrensa ved fv 401 hp 1 km 3,373. Dispensasjonen gjeld for nedgravd slamavskillar med ein avstand på 12 meter frå vegmidte til næraste bygningsdel på gnr. 175 bnr. 2 i Lindås kommune.

Dispensasjonen er gjeve i samsvar med føresegnene om byggegrenser i veglova §§ 29 og 30 og på dei vilkår som er nemnt nedanfor.

1. Bygningen må ikkje nyttast til anna føremål enn det som kjem fram av søknaden.
2. Dispensasjonen fell bort dersom omsøkte byggearbeid ikkje er starta innan 3 år frå d.d.
3. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at bygningen ligg innanfor byggegrensa, med mindre det kan påvisast aktløyse frå vegvesenet si side.
4. Dersom bygget vert oppført i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan bygget krevjast fjerna med heimel i veglovas § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.

Dersom tiltaket medfører graving ved og under veg gjer vi merksam på at det må søkjast graveløyve frå Statens Vegvesen. Søknad om graveløyve sendast til firmapost-vest@vegvesen.no

Dersom tiltaket medfører arbeid på eller ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no.

Vi gjer elles merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Klageadgang:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr forvaltningslova §§ 28–36.

Klagefristen er tre – 3 – veker frå vedtaket er mottatt. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som oversender saka til klageinstansen.

Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.